



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
50/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-M70	19/205

BRANNORDNING I VAKSDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Brannordning Vaksdal kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Brannordning for Vaksdal kommune vert godkjent. Tilrådingane i rapporten vert fulgt opp. Eidsland depot vert vidareført.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommune skal dokumentere at brann- og redningstenesta er bemanna, organisert og utstyrt på ein slik måte at dei oppgåver som følgjer av brann- og eksplosjonsvernlova til ei kvar tid kan gjennomførast på ein tilfredsstillande måte.

Brannordninga er eit overordna og styrande dokument for brann- og redningstenesta i Vaksdal kommune og den gjev formelle, faglege og økonomiske rammevilkår. Ny brannordning avløyser gjeldande ordning frå 1999.

Bakgrunn for saka

I samsvar med lov av 14. juni 2002 om brann- og eksplosjonsvern (brann- og eksplosjonsvernlova) skal kommunen sørge for etablering og drift av eit brannvesen som kan ivareta førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver etter lova på ein hurtig, effektiv og sikker måte. Brannvesenet har lokal tilhøyrslø og utøver den viktigaste tekniske førstelinjeinnsatsen i redningstenesta. Brannvesenet sine oppgåver følgjer av lova og av lokale og/eller regionale risiko- og sårbarheitsanalyser.

Vaksdal kommune skal dokumentere at brann- og redningstenesta er bemanna, organisert og utstyrt på ein slik måte at dei oppgåver som følgjer av brann- og eksplosjonsvernlova til ei kvar tid kan gjennomførast på ein tilfredsstillande måte. Vedtakskompetanse til å fastsette desse rammene er tillagt kommunestyret og den endelege dokumentasjonen – brannordninga – skal sendast til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap.

I arbeidet med brannordninga er det teke omsyn til utviklingstrekka i nasjonale utgreiingar og rapportar, som NOU 2012:4 Trygg hjemme, NOU 2012:8 Ny utdanning for nye utfordringer, NOU

2013:5 Når det virkelig gjelder, Rapport fra arbeidsgruppe som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk (Brannstudien) og Omorganisering av 110-regionene.

Brannordninga baserer seg på ROS-analysen som gjev eit risikobilete av hendingar som kan oppstå i Vaksdal kommune og som vil vere innanfor brann og redningsvesenets ansvarsområde eller som vil ha innverknad på brann- og redningsvesenets handteringsevne.

Brannordninga er eit overordna og styrande dokument for brann- og redningstenesta i Vaksdal kommune og den gjev formelle, faglege og økonomiske rammevilkår. Detaljering, både med tanke på organisering og tenesteproduksjon innanfor rammene til brannordninga, høyrer inn under brannsjefens fullmakter. Brannsjefens forslag til brannordning (dette dokumentet) saman med kommunestyrets endelege vedtak utgjer den samla dokumentasjon av brann- og redningstenesta i Vaksdal kommune. Ny brannordning avløyer gjeldande ordning vedteke av Vaksdal kommunestyre 1.3.1999.

Vedlagt dokumentasjon av brann og redningstenestene gjer greie for status, ROS og framlegg til ny brannordning.

Medverknad og prosess

Bergen brannvesen ved Brannforebyggende avdeling har hatt ansvaret for utarbeiding av brannordninga i tett samspel med kommunen. Brannvesenet lokalt, kommunalteknisk drift og andre fagmiljø har bidrege med lokalkunnskap, fagleg informasjon og innspel. Bergen brannvesen sin ansvarlege i Vaksdal og lokal brannkoordinator har vore med i arbeidet. Bergen brannvesen inkludert brannsjefen og ansvarlege leiarar, har vore på befaring i alle deler av kommunen og har møtt mannskapene.

Det er halde drøftingsmøte med tillitsvald for brannvesenet og orienteringsmøte for brannmannskapa. Brannordninga vart grundig gjennomgått og mannskapa gav uttrykk for at dei kjende seg att i dei analysar og vurderingar som var gjort.

Formelt grunnlag

Lov av 14. juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver

Forskrift av 26. juni 2002 om organisering og dimensjonering av brannvesen

Forskrift av 17. desember 2015 om brannførebygging

Forskrift av 8. juni 2009 om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksette stoff samt utstyr og anlegg som nyttast ved handteringa

Forskrift av 26. juni 2002 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff

Forskrift av 15. juni 2017 om sivil handtering av eksplosjonsfarlege stoff (eksplosivforskrifta)

Forskrift om brenning av avfall for Vaksdal kommune¹ (fastsett av Vaksdal kommunestyre 23.05.2011)

Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om brann- og redningstenester mellom Bergen kommune og Vaksdal kommune

Risiko- og sårbarheitsanalyse for Vaksdal kommune (vedteke 23. mai 2015)

Kommuneplan og delplanar

(ny forskrift er framleis ikkje gjort gjeldande)

Vurdering og konsekvensar

Beredskapsanalysen viser at dei to brannstasjonane dekker alle krav til innsatstider i kommunen om at det stiller nok brannmannskap til innsats. Dette betyr at det ikkje er krav til å oppretthalde Eidslandet depot for å oppfylle krav til innsatstider i dimensjoneringsforskrifta. Det kan likevel vera

grunnar til å vidareføre Eidsland depot. Ein føresetnad for vidareføring er at depotet vert tilført tilstrekkeleg kompetanse og materiell. I dag leiger kommunen inn bil i påvente av avklaring.

Rapporten har følgjande tilrådingar:

Det må sikrast at det kan stille eitt innsatslag kvar frå Dale og Trollkjelen brannstasjonar til ei kvar tid. Innsatslaget må kunne gjere ein førsteinnsats og må dermed bestå av minimum tre røykdykkarar og ein innsatsleiar.

Dagens vaktordning er etablert på ettermiddag, natt og helg. Denne bør revurderast då all erfaring viser at det mest truleg vil vere tilstrekkeleg oppmøte på ettermiddag og natt, medan det på kvardagar, feriar og helg er ei utfordring.

Sjå på moglegheit for å rekruttere tilsette i kommunen, f.eks. tilsette ved sjukeheimane, til brannberedskapen. Føreslå at nytilsetting i kommunale stillingar med tilhøyrsløse til dei to tettstadane skal inngå i brannberedskapen som røykdykkarar.

Mål om at alle som tilhøyrer brann- og redningstenesta i Vaksdal kommune skal ha røykdykkar-kompetanse. Krav til at det kan stille eitt innsatslag med minimum ein utrykkingsleiar og tre røykdykkarar til ei kvar tid på begge brannstasjonar.

Skaffe eigen båt for livreddande oppdrag til sjøs.

Som mange pendlarkommunar har Vaksdal utfordringar med tilstrekkeleg dagberedskap. Vaksdal har to sjukeheimar med ekstra krav til responstid. Kommunen har derfor brannstasjon både på Vaksdal og Dale og mannskapa må kunne kome seg raskt til stasjonen. Det kan vera utfordrande på dagtid. Å rekruttere personell innafor kommunal drift kan difor vera avgjerande. Saman med Bergen brannvesen planlegg vi ein kampanje for rekruttering av brannmannskap.

Kommunen sitt beredskapsansvar gjeld til ei kvar tid. Rådmann ser det som nødvendig å setje i gang tiltak for å sikre tilstrekkeleg beredskap. I dette ligg og vurderingar av ulike type vaktordningar som best kan sikre beredskapen. Arbeidet skje i samarbeid med Bergen brannvesen, tillitsvald og i dialog med vårt lokale brannmannskap.

Gjennom samarbeidet med Bergen har vi høve til å drive systematisk kompetanseheving. Mange av mannskapa er i gang med opplæring. Det er eit mål at alle mannskaper skal ha røykdykkar-kompetanse. Samla er opplæring og øving er styrka siste år.

I samband med budsjettet i haust vil vi vurdere behov for investeringar i høveleg båt og ev bil til Eidsland.